



Tryggheimhelsing



Valgfag på
ungdomsskulen
s. 6-7



Jubilantar
s. 8-10



Leipzig
s. 12



NYTT
SKOLEKJØKKEN

s. 4-5

Rektor har ordet

Midt-Austen. Holocaust. Er nokon redde for sanninga?

Vg2-elevane har i haust vore på lærerike, opplevingsrike og uforgløymelege skuleturar til Israel og Tyskland/Polen/Tsjekkia. Etter skuleturen til Israel stilte elevane sentrale spørsmål: Kvifor får jødane alltid skulda? Vart 6 millionar menneske drepne berre fordi dei var jødar? Men kvifor? Det er flott med ungdom som stiller spørsmål. Vi ønskjer ungdom som vil framelske sanninga.



Holocaust?

I år kom boka Dobbeltspill ut. Utgjevaren er MIFF (Med Israel For Fred) og boka får svært god omtale av tidlegare Dagen-redaktør Odd Sverre Hove:

«Boken «Dobbeltspill» beviser med et vell av beviser at Mahmoud Abbas og Fatah og Selvstyremyndigheten konsekvent viser fram to ansikter, ett på engelsk og ett på arabisk. På engelsk viser man fram det fredsvennlige ansiktet som vi kunne kalle «den lidende, fredelige palestinaarberens ansikt». Når man derimot snakker arabisk, snakker man til sine egne. Og da brukes alle medier til å mobilisere til terror, vold og krig mot Israel og jødefolket. ... For Abbas og Fatah har på arabisk ingen hemninger mot antisemittisme, jødehat og holocaust-fornekelse og endog Hitler-forherligelse. Det beviser denne boken med en overveldende mengde beviser.»

Det er vanskeleg å forstå dette, men viss det faktisk er tilfelle, burde både folk og politikarar vakne opp. Abbas Zaki, medlem av Fatahs sentralkomite sa i fjor følgjande på TV: «Det store målet» er at «Israel vil opphøre», men «du kan ikkje seie dette til verdssamfunnet», Al-Jazeera 23. sept. 2011 (MIFF). Denne triste kjengjerninga er noko av bakgrunnen for Vg2-turane både til Israel og Tyskland/Polen/Tsjekkia.

1,5 mill. born under 15 år

Det er utruleg kva Hitler fekk folket med på under 2. verdskrig. Eit heilt folke-

slag vart systematisk krenka og forsøkt utsrydda. Millionar vart drepne. Av desse var det 1,5 mill. born under 15 år. Det var ei krenkande hending utan sidestykke i historia. Dette var grunna i løgn, antisemittisme og ein ideologi om at jødane var ein eigen rase, ein parasitt som burde utsryddast. Folk var blinde for det som skjedde. Såg dei ikkje det grufulle? Eller var dei overtydd om at det var rett? Og korleis kan menneske stille spørsmål i dag: Var det verkeleg eit holocaust? Slik kan vi heller ikkje som skule ta lett på.

Tryggheim-elevar til Israel

I september tok Vg2-elevane ut på turar til Tyskland/Polen/Tsjekkia og til Israel. Vg2-elevane sit igjen med flotte opplevingar, sterke inntrykk og er meir samansveisa enn tidlegare.

Også dei elevane som reiste til Israel, fekk ei oppleving for livet. Den førre skuleturen frå Tryggheim til Israel var heilt tilbake i 1989-90. Eit moderne land, med ein historie du ikkje finn makin til! Det vart ei reise som handla om både det åndelege, det historiske og det kulturelle. Ørken og sand har blitt til eit frødig land med eit mangfold av frukter og eit imponegende landbruk. Men slikt kjem ikkje av seg sjølv. Gjenbruk av vatn, vatningsanlegg og planting av 230 millionar tre sidan 1948 er noko av det som ligg bak.

Sanning og media

Det var vidare sterkt å vitja Yad Vashem – minnesmerket over falne jødar under 2. verdskrig. Danmark gjorde ein tapper innsats for å berge jødane. Elles har nasjonane lite å rosa seg over frå denne tida. Allereie i 1942 kom det klare meldingar om massakrane i Europa både frå hjelpearbeidarar og journalistar. Ingen reagerte i Vesten. Aviser og radiostasjoner visste om dette, men dei var forunderleg tause.

Framleis slit Israel med at heile sanninga ikkje kjem fram i media. Vi fekk sjå manipulerte bilete som var brukti arabiske media. Under ei direktesending på PA TV frå eit folkemøte 6. september vart lyden fleire gonger sensurert då palestininarar openlyst kritiserte palestinske leiarar.

Nokon er redde for sanninga.

Arabarane aksepterte ikkje FN sine grenser for Israel i 1948. Dei gjekk difor til åtak. «Dette vert ein utsryddingskrig. Dette vert ein avgjerande massakre,» sa generalsekretæren Assam Pasha i Den arabiske liga. For Israel var ikkje hjelp å få hjå britane. Har dette endra seg? Vi lever tross alt i ei opplyst tid med moderne demokrati. Men nei, dessverre – det vert framleis snakka om palestinsk-arabiske område som skal verte jødereine. Nokre kjempar for at heile Judea og Samaria skal vere Judenrein. Ordet er frå nazi-terminologien og gjev assosiasjonar til Hitler. I fjor var det val i Egypt. Parallelt med demokrati og fredagsbøn i moskeen, kom det rop om folkemord mot alle jødar i verda. «Dagen skal kome då vi skal drepe alle jødar. Heile Egypt er klare for jihad», (Dagen, 29.11.11). Arabarane har tapt mange krigar, men dei kan trekke seg tilbake. Israel kan ikkje tape ein – for då er det over...

Det omtalte sikkerhetsgjerdet (20 % mur og 80 % netting) som fysisk deler enkelte område, har fått mykje kritikk. Men det burde samstundes kome fram at sjølvombsbombinga har vorte redusert med ca. 95 % etter dette tiltaket. Gjerdet har spart mange uskyldige liv. Det er ikkje ønskjeleg med ein slik mur. Den gjer kvardagen vanskeleg både for jødar og arabarar. Vi vonar at det ein dag ikkje lenger er naudsynt. 1,5 mill. israelske arabarar bur i fredeleg sameksistens inne i Israel og syner at dette er mogeleg. Heldigvis er det også eit ganske godt tilhøve mellom Jordan og Israel, og det til tross for at Jordan vart jaga ut av Judea og Samaria under krigen i 1967. Jordan har i dag eit utstrakt jordbruk langs Jordan-elva. Dei har kjøpt mykje kompetanse på vatning av Israel. Her er det også noko samarbeid på turisme. Ei slik haldning skulle vi sett fleire plassar i Midt-Austen, - eit ønskje om å leve i fred med kvarandre. Då kunne mange nådd endå lenger i velferd og levestandard, - på grunnlag av tre-planting, dyrking av meir ørken, jordbruk og turisme.

Han braut ned gjerdet som skilte dei

I Ef. 2,14 står det om eit gjerde som skilde jødar og heidningar. Jesus braut ned gjerdet, han forlikte dei begge og gjorde fred og slo fiendskapen i hel på krossen. Det er også eit bønneemne i dag - fred og frlse for Jerusalem, fred og forsoning mellom jødar og arabarar. På skulen har vi tala om sanning. $2 + 2 = 4$ er ei sanning som ikkje endrar seg. Slik er det og med Gud. Han er sanning. Han er uforanderleg. Sal 119,89: «Til evig tid, Herre, står ditt ord fast i himmelen.» Sal 119,160: «Summen av ditt ord er sanning, og til evig tid står all di rettferds lov ved lag.» Vi må framelske sanninga.

Gjermund Viste



GI AKT

Når vi blir kalt inn i militæret til første-gangstjeneste, er det noen hektiske uker med mange nye ting på dagsorden. Innlosjering på kaserne, utdeling av klær, alt fra lange underbuksar til hjelm bare for å nevne noe. Du får utelevert ditt personlige våpen, og alt skal læres og legges korrekt inn i skapet som står på rommet, med tellekant og det hele. På oppstillingsplassen lærer en fort hva kommandoene «presenter våpen», «på stedet hvil» og «gi akt» betyr. Kommandoene blir brukt daglig gjennom et helt år.

I en bibeltekst som jeg er blitt glad i, står nettopp en av disse kommandoene nevnt. Det står at de gav akt. Og det mest fantastiske er at etter at de hadde gitt akt på det som ble sagt, så ble det glede i en hel by.

Sammenhengen dette står i finner vi i Apostlenes gjerninger. Vi leser om en forfølgelse av de kristne som brøt ut etter at Stefanus ble steinet i hjel, som den første kristne martyr. Vi leser om Saulus som samtykte i mordet på Stefanus, og at Saulus fortsatte å herje i menighetene. Mange kristne ble spredt rundt omkring, og en av dem var Filip. Om Filip står det at han kom til en by i Samaria, og i stedet for å gjemme seg bort, stod han opp frimodig og forkynnte Kristus for dem. Det var da menneskene i byen «gav akt» på det som ble sagt av Filip, at det ble glede i byen.

I militæret var ordenen «Gi akt» dagligdags. Når orden ble gitt, betyddet det at noe viktig skulle skje. Det kunne være en inspeksjon, en viktig beskjed skulle bli gitt, eller noe annet som var viktig skulle bli formidlet. Når orden ble gitt, krevde det fullt fokus. Det motsatte av «gi akt» er «på stedet hvil». Da kan en stå litt mer avslappet, og en kunne la tankene fare litt. Men en person i «gi akt», skulle ha fokus og være klar og beredt, for en beskjed skulle bli gitt til nettopp deg.

Gleden denne byen fikk del i, kom som et resultat av at de gav akt på et bestemt budskap som Filip forkynnte. Det står at Fi-



Kjetil Halvorsen
Adm. leder.

lip forkynnte Kristus, og de som hørte det tok imot det som sitt eget. At Jesus som var fra evighet av, ble sendt til vår jord, at han ble korsfestet, døde og stod opp, det var ikke for alle de andre, men det var nettopp for deg og for meg. Det skjedde akkurat slik, fordi det var Guds hensikt akkurat for meg. At Gud som er hellig, og krever fullkommen renhet, selv sender en fullkommen frelser for meg. Gud gir oss alle det han krever. Derfor, når Filip kom til byen, ble det glede i byen når de gav akt på det han forkynnte dem.

Et vers som jeg selv ofte får glede meg over finner vi Apostlenes gjerninger kapittel 4. Her står det at under himmelen, er det gitt oss et navn fra himmelen, som vi alle kan bli frelst ved. Det er et godt vers å gi akt på.

Ap.gj. 4,12

«Det finnes ikke frelse i noen annen, for under himmelen er det ikke gitt menneskene noe annet navn som vi kan bli frelst ved.»



Frå åpningfesten. Over 1100 var samla til åpningsfest dette året.

Ikkje eit bøttekott ledig

Administrasjonsleiar Kjetil Halvorsen er ganske sikker på at årets 492 elevar på vidaregåande må vere ny Tryggheim-rekord. Han administrerer inntaket og tykkjer tilskjingga har vore formidabel i år - fleire studieretningar har hatt lange ventelister. Spesielt populære har Påbygg, Studiespesialisering og Helse & Oppvekst vore.

På vg2 Trearbeidsfag er det framleis for få søkjarar til at studieretninga vert sveivd i gong att. Me var innom Kjetil for ein kommentar til oppstarten.

- Det er veldig kjekt å vere ein attraktiv skule, men det er samstundes vondt å snakka med fortvilte foreldre og elevar som ikkje kjem inn. Fleire ville så gjerne gå her, men så må me dessverre avvise nokon. Ei god side med den store tilgangen på elevar er at med fulle hus aukar inntektene, og skulen kan raskare kome i gong med nybygg og planlagde utbyggingar.

- Vert dei nye elevane tatt vel imot av eldre elevar?
- Stort sett, ja, men det kan nok vere nokre harde velkomstar og t.d. ting som

er meint som spøk og tull, men som har for mykje preg av grising og øydelegging til at nokon kan oppfatte det som anna enn negativ og uønska merksemd. Slike arbeider me med å få slutt på. Me er glade for å ha god kontakt med heimane, også i slike høve.

Me forstår at oppstarten er ei hektisk tid for dei som har ansvaret for elevopp-taket og stikk innom rektor for å få det bekrefta, samt få ein kommentar om det nye skuleåret.

- Det har vore ein god start, mange nye elevar, mange godord både frå elevar og foreldre - det gjer godt, men det er inga sjølvfølgje.

- Alt kan umogeleg vere berre flott og rosenraudt no i starten. Har du ikkje ei negativ oppleving eller ei kraftsalve å koma med?

Eg merkar at denne typen negativt fokus og problematiserande tankegong er uvant og har vanskar med å finne fotfeste, men så kjem det:

- Det er litt utfordrande og til dels uforståeleg kor ekstra yre ein del elevar er

den første tida. Fleire må liksom finna på sprell og bryte grenser med bajas-aktivitetar. Då kan ein sukke litt og tenkje: «At dei aldri lærer». Eg vil oppmoda alle til å ta omsyn både til medelevar, bygningar og inventar.

Som de skjønar er Tryggheim velsigna med svært positivt innstilte medarbeidarar. Kun pågående kritisk journalistikk med høgt trykk kan få dei til å snakke om utfordringar, og sjølv då er vegen kort tilbake til rosande omtale av elevflokkene og over kor heldige me er som får ha dei her.

Knut Handeland



Elever på Helse- og Omsorgsfag har stått i mange timer saman med lærer Britti og laga dei flottaste delikatesser. No er maten klar til servering!

Nytt skulekjøkken på

På ein skule med både ungdomsskule og vidaregåande med helse- og oppvekstlinje er skulekjøkkenet eit viktig spesialrom. Kjøkkenet på Tryggheim var etter kvart nokså nedslite, men medan me andre tok ferie, har driftsavdelinga i heile sommar arbeidd flittig for å få ferdig eit nytt kjøkken til skuleåret byrja. Tysdag 4. september vart me inviterte til snorklipping.

■ av Ingvar Fløysvik, foto: ABGAA

Ei raud snor var spent framfor døra til kjøkkenet. Rektor Gjermund Viste hadde stilt seg opp med saks på ei silkepute, og driftsleiar Per Ivar Wold heldt tale og klipte snora. Deretter vart døra til det nye kjøkkenet opna.

Det første me la merke til då me fekk koma inn, var eit fargehav av kanapéar – raudde tomatar og paprika, grøne oliven, kvit fetaoost, blå druer og mykje meir. Her var noko for ein kvar smak. Kanapéar er jo som oftast kalde, men denne gongen fekk me dessutan varme dadlar i bacon. Dei smaka framifrå. To helse- og opp-

vekstklassar hadde brukt føremiddagen på å stella til alle godsakene. To elevar stod og auste opp ein fruktdrikk, som Tryggheim-helsing fekk vita bar namnet «Franzens sommardrikk».

Lærar Britti Franzen viser stolt fram den nye kjøla.

– I det gamle kjøkkenet var det berre kjøleskap, no får eg eit heilt kjølerom! Ho fortel vidare at dei har fått nye komfyar med innebygd induksjonstopp. Når grytene kjem raskare på kok, vert det betre tid både til å forklara og rydda. Det nye kjøkkenet er tilpassa funksjonshemma. Den eine vaskebenken kan hevast og senkast slik at han til dømes kan verta passeleg høg for elevar som sit i rullestol. Golvet



Rektor Gjermund har klipt snora og «kjøkkensjef» Britti låser opp døra til det nyoppussa skulekjøkkenet



Henriette og Tone serverer «frukt bowl» i krus til alle som vil ha



Personalalet fekk også smake

Tryggheim

er lyddempande og mjukt å gå på. Sjølv om rommet er det same som før, er alt inventar nytt. Det er viktig for skulen å halda ein høg standard.

Britti understrekar at kost og ernæring er eit viktig fag. Det hører med til allmenn danning å kunna laga ulike slag mat og vita korleis ein oppfører seg på eit kjøkken. Kunnskap om ernæring og rette matvanar er viktig for helsa. Dessutan har kjøkkentimane mykje å seia for elevane sosialt og skaper slikt eit betre miljø i klassane. Helse- og oppvekstklassane (vg1) har fire veketimar med kost og ernæring, tre praksistimar og ein time teori. Helsefagarbeidarelevane (vg2) har fire timer annakvar veke.

- Dessutan bruker ungdomsskulen kjøkkenet ein god del, så her er elevar i sving nokså mange timer kvar veke, avsluttar Britti.



Britti er svært fornøgd med at skulekjøkkenet no har fått eige kjølerom



Det er ikkje kvar dag elevane kan fråtsa i slike delikatesser



IT-ansvarlig Ole Christian fann fort ut at i dag kunne han like gjerne ha lagt igjen matboksen heime



Driftsleder Per Ivar og rektor Gjermund er godt fornøgde med det dei har fått servert



Høvling på høgt nivå, her utført av Njål Njærheim.

FFF, Forsking, foto og friluftsliv

I dette valfaget kombinerer me nysgjerrighet, kreativitet og naturglede. Ein del av tida blir brukt til å ringmerka fuglar på Audamotland. Til no har me sett ring på 90 fuglar fordelt på 11 ulike artar. Dette er eit ledd i den fugleforskinga som Direktoratet for Naturforvaltning og Stavanger Museum har ansvar for. Vi prøver òg å finna ut kva slags nattsommarfuglar som finst i området. Dei me fangar vert fotograferte, og me prøver å artsbestemma dei før resultatet blir lagt inn i ein database. Mangfald av sommarfuglar avspeglar generelt biologisk mangfald, og på grunn av klimaendringar kan me kanskje finna nye arter for området. Dei som har valt dette faget vil få med seg ein fisketur i haust, og noko av tida blir brukt til teknologi og design. Til dømes har elevane laga katapultar som blir testa i desse dagar. Elevane får også vist nevnytte i t.d. skogshogst med påfølgjande surring og konstruksjon.

Girlpower

«Girlpower» er eit av valfaga me tilbyr elevere - berre jenter - denne hausten. Her får dei undervisning i ulike tema som handlar om kropp, helse og kosthald. Me tenkjer på kroppen som eit mysterium. Det er framleis så mange ting me ikkje veit, og mykje spanande å læra! Ved å få undervisning håper me jentene kan bli meir medvitne sine val og sin styrke. I dette valfaget kjem me innom både vår fysiske og psykiske helse. Korleis kan eg på best mogleg måte ta vare på meg sjølv? Kven styrer identiteten min? Korleis verkar hormona på kroppen? Når er det riktig å seie ja, - når er det viktig å seie nei? Dette er nokre av dei ulike emna me ynskjer å belysa. I tillegg kjem me og inn på emne som mellom anna spiseforstyring, rus, depresjon, mobbing, sjølvska-ding, fysisk aktivitet og sunt kosthald.

Ulike idrettar

I faget «Ulike idrettar» skal me som namnet tilseier prøve oss på ulike idrettar. Me skal spele og trenere på dei tradisjonelle ballspela, til dømes handball, volleyball og basketball. I tillegg skal me mellom anna prøve oss på rugby og akrobatikk. Kosthald i samanheng med trening er ein liten del av faget. Kva er lurt å ete før trening? For å kjenne dette på kroppen har me hatt eit forsøk der elevane berre kunne ete snop og drikke brus fram til gymtimane. Før neste gymtime måtte elevane ete god og sunn mat. Deretter skulle ein samanlikne sin eigen prestasjon i desse to gymøktene med tanke på korleis kosthaldet påverkar treninga. Målet med faget er at elevane skal lære om ulike måtar å trenere på og at dei skal synast at trening er så gøy at dei får lyst til å trenere på fritida si.

Fotball

I dette valfaget blir mykje av tida brukt til nettopp å spela fotball, sjølv om ein også er innom øvingar både i kondisjon og teknikk. Me er i hovudsak utandørs

Valfag

Tenk om ein sjølv kunne velja kva fag ein skal ha på skulen? Det er tilfelle for nokre av timane kvar veke etter innføring av valfag i ungdomsskulen denne hausten. Tryggheim ungdomsskule er no i full sving med seks nye valfag. Motivasjonen er god og aktivitetsnivået er høgt.



Randi Skårland er i godt gang med å sy seg ny toalettveske.

heile året, på den flotte kunstgrasbanen i Nye Loen. I slutten av september var også heile gruppa til stades på fotballkampen mellom Bryne og Start, sponsa av Bryne Fotballklubb.

Tresløyd

Ein god gutegjeng frå alle trinn viser stor iver og kreativitet over høvelbenken. Her blir det produsert stolar, skap, blinkar, bogar til skyting og knivar. Det er tydeleg at mange har halde hammar og sag før, og dei viser gode dugleikar både i planlegging og produksjon. Me har nok mange framtidig handverkerar her!

Stoff og stil

I denne gruppa får 33 ivrige jenter brukte sine kreative evner på heilt andre måtar enn elles i skuledagen. Me har valt å kombinera gamalt og nytt, og på denne måten læra korleis eit gamalt klesplagg eller ein gardinrest kan «tryllast om» til noko heilt anna. Den første oppgåva me har teke fatt på, er å sy tasker av gamle dongeribukser, gjerne kombinert med eit fint fôr av nytt stoff. Som eit supplement til dette, er alle elevane i gang med å hekla gryteklytar. Då har ein noko å henga fingrane i medan ein venter på tur, samstundes med at ein får læra ein nyttig og tradisjonsrik teknikk. Planen er å gi elevane innføring i ulike teknikkar, som dei sjølv kan nyttiggjera seg seinare i livet. I faget «kunst og handtverk» får elevane innføring i form og farge. Dette vil me bygga vidare på når dei no skal laga sine eigne kreasjonar. Å stolt kunna visa fram eit plagg ein sjølv har laga, gir ei god kjensle.



Filmon Abraham Memretab viser oversikt over blikk og teknikk på fotball valfag.



Eldbjørg Sør-Reime får fram si meinings om dyrevern på t-skjorta si.



Ringmerking av fuglar er eitt av prosjekta på valfaget forsking, foto og friluftsliv.



Fotball kan også utførast sitjande. Her er det David Hovda som viser «skills».



20-årsjubilantar. Fotograf Anna Nesvik



10-årsjubilantar. Fotograf Anna Nesvik



30-årsjubilantars. Fotograf Anna Nesvik



40-årsjubilantars. Fotograf Anna Nesvik

Jubilantar frå elevstevnet 2012



50-årsjubilantar. Fotograf Anna Nesvik



Tryggheim skular 2012. 60-års-jubilantar

60-årsjubilantar. Fotograf Anna Nesvik

Tryggheimkalender

OKTOBER

8.-12. Høstferie

NOVEMBER

- 2. Operasjon misjonsprosjekt
- 10. Foreldredag og russebasar
- 13.-25. Møteuker
- 19. Åpen dag

TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Sofie Braut
Ingvar Fløysvik
Knut Handeland
Bjørg Topnes

e-postadresse: post@tryggheim.no

Kasserer: Aud Bodil Voll

Bladet koster kr 100,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS
Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

KVELDSBIBELSKULE PÅ TRYGGHEIM HAUSTEN 2012

September

18. og 25. Finn Widar Knutzen taler over temaet «Kain og Abel»

Oktober

2. og 16. Magne Vatland taler over temaet «Berørt av Mesternes hånd»
23. Enok Thorsen, taler over temaet «I ham har vi forløsningen» (Ef. 1)
30. Enok Thorsen, taler over temaet «Levende med Kristus» (Ef. 2)

November

6., 13. og 20. Birger Helland taler over temaet «Ingen slave lenger. En vandring i 2. Mosebok 1-15»

To bibeltimar kvar gong frå kl. 19.00 - 21.00 med kaffipause.
Møtene vert i daglegstova.
Du er hjarteleg velkommen til ein eller fleire kveldar!



Janna Jorine Waldeleand (HS/PB 06-09) og Ole Sirevåg giftet seg 26. mai

Ingeborg Løge (ST 08-11) og **Eivind Hølland** (BA 07-08) giftet seg 23. juni

Reid Ivar Bjorland Dahl (AF 04-07) og Ina Linn Vinnes giftet seg 7. juli

Veronika Pytte (ST 08-11) og **Arne Mathias Valbø** (BA 08-10) giftet seg 14. juli

Anine Grøtteland Jakobsen (BU/PB 06-08) og Ronny Vatne giftet seg 21. juli

Magnus Lerbrekk (AF 01-04) og Hilde Halseth Undheim giftet seg 11. august

Jarand Nærland (AF 05-08) og Elisabeth Stokka giftet seg 11. august

Janne Susort Gillebo (AF 01-04) og Magnus Gillebo ble innviet til misjonærer på NLMs generalforsamling 15. juli for utreise til Indonesia.

Morten Skjærpe Knarrum (AF 96-99) er én av drøyt 30 norske designere som fikk reise til møbel- og interiørutstillingen «100% Norway» i London i september. Der stilte han ut møbelserien sin «SAMAN/LÅST» (se også Tryggheimhelsing nr. 2/11).

Sigurd Idland (lærer på Tryggheim ungdomskule) har tatt ett års permisjon for å reise rundt med enmannsteateret sitt «Bibelen på ein time». Det blir opp mot 8000 ord på en time! Målet med forestillingene er å gi folk aha-opplevelser, hjelpe til å se sammenhenger og en rød tråd gjennom hele Guds ord, og inspirasjon til å lese Bibelen selv.

Vi gratulerer med både ekteskapsinngåelse og andre bedrifter!

Dersom dere kjenner noen som bør være med på denne listen, er det flott om dere gir oss beskjed om det. Send en e-post til aanestad@tryggheim.no eller ring eller skriv til skolen. Tips oss!

ELEVSTEVNET 2012

Det tradisjonelle elevstevnet for tidligere Tryggheimelever ble arrangert 10.-12. august. 50- og 60-årsjubilantene kom fredag ettermiddag, mens 10-, 20-, 30- og 40-års-jubilantene kom til kaffe på lørdagen.

Programmet for helga var stort sett som før. Lørdag formiddag kunne alle 50- og 60-årsjubilantene være med på en flott busstur på Jæren. På denne turen fikk de blant annet se det nye meieriet og gartneriet i Kviamarka. Det ble også tid til et liten stopp på Hå gamle kyrkjegard og på Holmavatn.

40-årsjubilant Leif Thingbø var taler på jubileumsfesten på lørdag. Han fortalte blant annet hvordan han fikk misjonærkallet på Tryggheim og om livet som misjonær i Afrika. På søndagsmøtet talte rektor Gjermund Viste. Etter en god middag var det tid for oppbrudd. Det virket som om alle jubilantene reiste fornøyde hjem etter ei gild helg.

Elevstevnet blir alltid arrangert den siste helga før skolestart. På nettsida til skolen vil du snart finne mer informasjon om neste års stevne. Du som snart er jubilant, må passe på å få med deg dette stevnet.

Torleiv Haus

Returadresse:
Tryggheimhelsing
Tryggheimveien 13
4365 Nærøs

Grüße aus Leipzig

Sidan hausten 2007 har Tysk-Norsk Ungdomsforum hatt årlege samlingar der 100 norske og tyske ungdommar kjem saman. Tidlegare har det vore lite ungdomsutveksling mellom Noreg og Tyskland, og det ville TNUF gjera noko med. Dei ynskjer å skapa relasjonar mellom landa som kan vara i framtida, at ein skal læra tysk og norsk, bli kjent med kvarandre sine kulturar, og bli orientert om stipendordningar, utdannings- og karrieremoglegheiter i begge landa.

■ Av: Marta Fotland og Anja Østebø, 3STA

Frå 13. til 16. september inviterte Tysk-Norsk Ungdomsforum til Leipzig. Me var to jenter frå Tryggheim som sende inn søknad om å få vera med, og var så heldige at begge fekk positivt svar. I Leipzig møttest 50 norske og 50 tyske ungdommar for å praktisera tysken (og norsken), få nye venner, ha det kjekt saman, og med spanande innlegg og arbeidsgrupper tok me for oss temaet «Mine talent – vår framtid».

Det var mykje program for opphaldet i Leipzig, frå tidleg om morgonen til seine kvelden, så me fekk ikkje tid til å kjeda oss! Alle deltakarane hadde på førehand valt ulike arbeidsgrupper til å vera med på, og mykje tid gjekk til å jobba i desse gruppene. Ein kunne velja mellom mange ulike aktivitetar, alt etter kva ein likar og interesserer seg for. Me var begge med på teater-arbeidsgruppa. Saman med ein profesjonell teaterinstruktør hadde me mykje leik og moro. Me laga eit lite dramastykke om temaet «Mine talent – vår framtid», som hadde urpremiere då alle gruppene presenterte det dei hadde jobba med desse dagane.

Programmet elles var variert, og innebar alt frå bli-kjent-leiker til sporleik i Leipzig sentrum. Ein av kveldane var me på middag hos ein av TNUF sine hovudsponsorar, og elles gjekk me heller ikkje svoltne – me fekk endå til dessert til kvart måltid. Siste kvelden i Leipzig var det full fest for deltakarane, med band frå både Leipzig og Oslo. Her var det god stemming, og det var gildt å vera saman med deltakarane også utanom det oppsette programmet.



Her er me saman med romvenninnene våre. F.v. Lisa Maria, Anja, Marta og Franziska.

Me fekk gode høve til å praktisera tysken vår. Alle budde saman med ein person frå den andre nasjonen, og slik blei me utfordra til å bruka språket. Noko som var ganske overraskande, var at mange av dei tyske også var flinke til å snakka norsk. Somme av dei hadde vore på utveksling i Noreg og snakka norsk flytande, og det var vanskeleg å seia kor vidt dei var norske eller tyske. Dei frå Tyskland som ikkje kunne norsk var veldig klare for å læra, og me hadde mykje moro då dei gjekk rundt og siterte sjekketriks og sære setningar på gebrokkent norsk.

Folk var trøytte men svært fornøgde etter den kjekke turen, og sjølv om me bare hadde kjent kvarandre nokre dagar var det vemodig å ta avskjed med våre nye norske og tyske venner. For vår del gjekk ikkje turen rett heim etter TNUF, men til hovedstaden Berlin der me hadde to fantastiske dagar før me reiste heim igjen til Noreg. Turen var heilt super, og me oppfordrar alle som tykkjer at dette virka interessant til å sökja om å få vera med! Opplegget er sponsa, og turen blir nesten gratis. Vil du



Frå teater-arbeidsgruppa.

læra meir om Tysk-Norsk Ungdomsforum og om konferansen deira, logg inn på www.dnjf.org.